



Næringsliv →

## No er den døgnopne butikken endeleg klar: – Fått uvurderleg støtte

Joker Dagali har blitt ein døgnopen og delvis fjernstyrt butikk. Det vart feira med raud løpar og kake.



Ordførar Sigrid Simensen Ilsøy fekk æra av å klippe snora til butikken. Her i lag med tilsette Ann-Charlott Kraugerud og Mona Sønstebø, og kjøpmann Helene Sønstebø. FOTO: PRIVAT



**Anna Huseby**

Journalist

Oppdatert: 3 timer siden

### Kort oppsummert

- Joker Dagali har blitt ein døgnopen og delvis fjernstyrt butikk.
- Fredag hadde dei offisiell nyopning.
- Fleire aktørar har bidratt til å gjere investeringa mogeleg.

Oppsummeringa er laga av AI-verkøyet ChatGPT og kvalitetssikra av våre journalistar.

Vis mindre ^

Fredag sist veke var det høgtideleg stemning ved Joker Dagali. Folk hadde samla seg for å feire nyopninga av butikken som no er både døgnopen og delvis fjernstyrt. Det

vil seie at kundane kan handle når tilsette ikkje er til stades i butikken.

ARTIKKELEN FORTSETTER UNDER ANNONSEN



LES OGSÅ:



### Bygdefolket kan juble - no blir nærbutikken døgnope

Styremedlem Gerd Mejlænder-Larsen seier til Hallingdølen at dette har vore ein draum sidan kjøpmann Helene Sønstebø tok over butikken i fjor haust.

- At me skulle få det til på under eitt år var det få som trudde var mogeleg, seier ho.



Bak frå venstre: styreleiar i Dagali Handel 24 AS, Finn Ivar Clausen, styremedlem Arne Ramberg og kjøpmann Helene Sønstebø. Framme frå venstre: styremedlem Gerd Mejlænder-Larsen og ordførar i Hol Sigrid Simensen Ilsøy. FOTO: ERLING BJØRKHEIM

### Lokale og hyttefolk

Helene Sønstebø er strålende fornøgd med dagen. Representantar frå både Joker sentralt, Liberty Now som står for teknologien og Hol kommune var på plass. I tillegg til dei nysgjerrige kundane, så klart.

- Det var godt oppmøte frå både lokale og hyttefolk, seier kjøpmann Sønstebø.



Kundane fekk kose seg med vaflar utover dagen. FOTO: PRIVAT

Å skanne varene sjølv kan vere nytt og uvant. Sønstebø kan trygge kundane med at det framleis vil vere folk på jobb i kjernetida. På opningsdagen nytta dei høve til å vise fram korleis systemet fungerer.

ARTIKKELEN FORTSETTER UNDER ANNONSEN



– Me fekk demonstrert litt og folk fekk prøve seg. Mange har alt blitt veldig flinke, det gjeld dei eldre også. Det er nok fleire som er overraska over kor enkelt det er, seier Sønstebø.



Fleire sentrale personar i Joker og Liberty Now hadde tatt turen på opninga. Bak frå venstre: CEO i Liberty Now, Hans Olav Bakås, distriktssjef Joker, Espen Andersskog, kjøpmann Helene Sønstebø, marknadssjef i Norgesgruppen Roy Hval og tilsett Mona Sønstebø. Framme: ordførar Sigrud Simensen Ilsøy og tilsett Ann-Charlott Kraugerud. **FOTO:** PRIVAT

## Over 100 år med historie

Dagali har hatt eigen matbutikk i 102 år. For å berge ei løysing vidare mobiliserte 110 fastbuande og hyttefolk ved å kjøpe aksjar i fjor, og Skue Sparebank bidrog til å gjere overtakinga mogeleg.

LES OGSÅ:



### Landhandleriet har vore i drift i 100 år - les historia

Gerd Mejlænder-Larsen seier opninga på fredag var ein stor dag for Dagali.

– På reisa har me fått uvurderleg støtte frå Merkur-programmet, Hol kommune, Joker-gruppa, Skue Sparebank og Hallingdal Etablerersenter, seier ho til Hallingdølen.

**Publisert:** 23. september 2025 kl. 09:15

**Oppdatert:** 3 timer siden

UTFORSK TEMA

HOL

BUTIKK

BUTIKK

DAGLIGVAREBRANSJEN

MAT

VAREHANDEL

◀ 9/42 ▶

◀ **Generell søknad**

📍 Gol 🕒 31.12.2025

**Sjukepleiar, 92 % fast stilling  
- natt**

📍 Gol 🕒 01.10.2025

**Støttepersonell /  
tilkallingsvikarer v  
legekantor**

📍 Gol 🕒 28.09.2025